



Aurland, 02.09.2016

Politiet
Styringsgruppa for Nærpolitireforma i Vest politidistrikt
Elektroniske Postmottak

Vår ref.
2016000026-9

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Noralv Distad, 57 63 29 29

Arkiv
K1 - 024, K2 - X31, K3
- &17

Nærpolitireforma - Innspel til møte 5. september 2016

Aurland kommune er oppteken av at iverksetjinga av nærpolitireforma sikrar:

- Tilgjengeleg og synleg politi
- Kort responstid
- God førebygging

Likeeins må føresetnadane frå Stortinget oppfyllest:

- Minst 90% av innbyggjarane skal ha maks 45 minutt reisetid til næraste tenestestad.
- Kvar kommune skal ha ein fast kontaktperson ved lensmannskontor eller politistasjon.
- Jamlege drøftingar av førebyggjande arbeid og vakt- og patruljeteneste med berørte kommunar.
- Polititienestemenn og –kvinner skal bu spreidd, slik at flest mogeleg lokalsamfunn har polititilsette buande i sitt nærmiljø.
- Publikum skal oppleve tilgjengeleg politi.

Kommunen gjer gjeldande at det må vera ei konkret vurdering av behovet eller situasjonen i kvar einiskild kommune:

- Responskrav må fastsetjast etter fleire kriterie enn berre innbyggjartal, jf. område med stor gjennomgangstrafikk og omfattande turisme.
- Responstid for politiet må vera synkronisert med struktur i andre naudetatar, slik at ein ikkje risikerer at einiskilde stader har kort responstid frå alle, medan andre stader har lang responstid frå alle. Innbyggjarane bør ha rett til å forvente ein viss standard på beredskapen i heilskapsbiletet.
- Ein region må ha nok politi og køyretøy til å utføra prioriterte oppgåver.

Kommunen ynskjer vidare å setje nærpolitireforma i perspektiv til reelle tilhøve i Aurland:

- Innbyggjartalet i Aurland (1778) er ikkje eit relevant kriterie for definisjon av krav til responstid og reisetid til næraste tenestestad. Aurland kommune er ein reiselivskommune med inntil 20 000 reisande i kommunen pr. dag:

Flåm er ein av Norges største turiststader;

- Norges tredje største cruisehamn (170 skip/250 000 passasjerar pr. år)

- Båt og ferjer (350 000 passasjerar pr. år)
- Flåmsbana (800 000 passasjerar pr. år).
- Aurlandsdalen (15 000 turgåarar pr. år)
- Rallarvegen (25 000 turgåarar pr. år)

Samstundes som kommunen er eit trafikknutepunkt;

- E 16 (ÅDT 3000)
- Fv 243 Nasjonal turistveg Aurlandsfjellet (ÅDT 700)
- Fv 50 Aurland – Hol (ÅDT 700)
- 64 km vegtunnel

Og kommunen har den 5. største kraftproduksjon i landet.

Som konsekvens av desse forholda, må Aurland ha krav til responstid tilsvarande stader med 2 000 – 19 999 innbyggjarar. Dvs. maks 15 minutt responstid i halvparten, og 30 minutt responstid i 80% av tilfella.

- Avstanden til Voss og Årdal er lengre enn maksgrense for næraste tenestestad og maks responstid for stader med innbyggjartal under 2000.
- Faktisk responstid i dag er ikkje tilfredstillande frå verken politiet eller ambulansetenesta.

Konklusjon

Det må vera tenestestad og tilgjengeleg politi i Aurland. Responstida må bli kortare enn i dag ved at regionen får fleire polititilsette med godt utstyrte bilar.

Med helsing

Noralv Distad
ordfører

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Leiv Jarle Bergheim

Varaordfører

5745 AURLAND